

- Berre å vera her er jo gull!

03.07.2015



Stemninga har vore topp i leiren heile veka. Her er dei ved Fjellandsbøvatnet fredag kveld.

- Berre å vera her er jo gull! Ja, slik innleia ein deltakar frå Re i Vestfold då eg spurde om klatrekurset han deltar på her i Uskedalen denne veka hadde svara til forventningane. I tillegg uttala han seg svært rosande både om naturen, kursopplegg og det sosiale fellesskapet på kurset. Herlege dagar!

Kurset starta mandag, og fram til i kveld, fredag, hadde leirplass og kursområde vore i Eikedalen. Då vart basen flytta til indre enden av Fjellanbøvatnet, for deltakarene var klar for å prøva seg på rutene i Nåso.

Til saman er det 9 deltakarar på kurset, og dei får opplæring av 3 instruktørar og 1 instruktøraspirant som er under opplæring. Deltakarane på dette nybyrjarkurset kjem frå heile Sør-Norge, og det er ein uskedeling. Det er 16 år gamle Karsten André Haugland som er yngst av deltakarane som har god spreiing i alder.

Til liks med deltakarane er også instruktørane svært fornøgde med kurset.

- Det har vore fantastiske dagar. Knallheldige med veret har vi vore! Einaste vesle minuset var litt mykje vind som herja litt i telta eine natt.

Instruktør Stig A. Hordvik kunne også fortelja at dei hadde hatt 2 førstebestigningar, dvs. at 2 nye ruter hadde blitt gått for første gong. Karsten André var med på begge.

Elles fortalte instruktørane at dei hadde lagt vekt på det grunnleggjande, slik som å setja sikring og å læra seg korleis ein skal bevega seg i høve til kvarandre i taulag.

- Klatringa kjem som eit resultat av at dei føler seg trygge, sa dei.

I morgen ventar klatring i Nåso før det vert pakking og heimreise på søndag.

Det sosiale har også fungert perfekt. Kvar kveld har dei kunna kosa seg rundt leirbålet i finveret. Slik var det også ved Fjellandsbøvatnet fredag kveld. Etter stemningen rundt bålet å døma, var det tydeleg at resten av gjengen var einige med deltakaren frå Re. Dette hadde vore GULL!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland